HERØY kommune

HELSE OG MEISTRING

KONKURRANSEGRUNNLAG

Illustrasjon KI

ELEKTRONISK PASIENTJOURNAL (EPJ) TIL LEGEKONTOR

Open anbodskonkurranse

etter del I og III i forskrift om offentlege anskaffingar

Fosnavåg 30.07.2026

HERØY kommune

Innhald

1 Generelt om konkurransen ... 3
1.1 Om oppdragsgjevar ... 3
1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson ... 3
1.3 Anskaffinga sitt formål og omfang ... 3
1.4 Kontrakt og varigheit ... 4
1.5 Opsjon ... 4
1.6 Framdriftsplan ... 4
1.7 Løns- og arbeidsvilkår ... 5
2 Alminnelege reglar for gjennomføring av konkurranse ... 5
2.1 Anskaffingsprosedyre ... 5
2.2 Kommunikasjon og tilleggsopplysningar ... 5
2.3 Alternative tilbod ... 6
2.4 Tilbod på deler av oppdraget ... 6
2.5 Kostnader ved utarbeiding av tilbod ... 6
2.6 Offentlegheit og teieplikt ... 6
2.7 Attest for skatt og meirverdiavgift ... 6
2.8 Krav om bruk av lærlingar ... 6
3 Det Europeiske eigenerklæringsskjemaet (ESPD) ... 7
3.1 Generelt om ESPD ... 7
3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar ... 7
3.3 Samla stadfesting av kvalifikasjonskrav i ESPD-skjemaet ... 7
4 Kvalifiseringskrav ... 7
4.1 Om kvalifiseringskrav ... 7
4.2 Organisatorisk og juridisk stilling ... 8
4.3 Økonomisk og finansielle kapasitet ... 8
4.4 Tekniske og faglege kvalifikasjonar ... 8
4.5 Stønad frå andre verksemder ... 9
4.6 Underleverandørar ... 9
5 Tildelingskriterium ... 9
5.1 Tildelingskriterier ... 9
5.2 Miljø og berekraft ... 10
5.3 Nærare om tildelingskriteriet «Kvalitet» ... 10
5.4 Nærare om tildelingskriteriet «Pris» ... 11
6 Krav til tilbodet ... 11
6.1 Generelt om atterhald og avvik ... 11
6.2 Levering av tilbod og tilbodsfrist ... 11
6.3 Levering av tilbod ... 12
6.4 Vedståingsfrist ... 12
7 Avslutning av konkurransen og kontraktinngåing ... 12
7.1 Tildeling av kontrakt ... 12
7.2 Avlysing av konkurransen ... 13
8 Vedlegg ... 13

1 Generelt om konkurransen

1.1 Om oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar for konkurransen er:

- Herøy kommune, org.nr. 964 978 840, www.heroy.kommune.no
- Sande kommune, org.nr. 822 534 422, www.sande.kommune.no

samt oppdragsgjevar med opsjon på deltaking, jf. pkt. 1.5:

- Volda kommune, org.nr. 939 760 946, www.volda.kommune.no

1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson

Oppdragsgjevar sin kontaktperson er:

Namn:	Jan Driveklepp, Innkjøpsansvarleg Herøy kommune
e-post:	jan.driveklepp@heroy.kommune.no

All kommunikasjon omkring anskaffinga skal skje gjennom spørsmål og svar funksjonen i EU-Supply-portalen. Eventuelt andre spørsmål kan rettast til kontaktpersonar per e-post.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hjå oppdragsgjevar når det gjeld anbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

1.3 Anskaffinga sitt formål og omfang

Formålet med anskaffinga er å dekke oppdragsgjevar sitt behov for elektronisk pasientjournal (EPJ) for legar og hjelpepersonell på våre legekontor.

EPJ-løysinga skal leverast som ei web-basert skyteneste SaaS.

EPJ-løysinga må ivareta dagens og framtida sine standardar, samt overhalde til ein kvar tid gjeldande lover og forskrifter med krav sett til moderne EPJ-løysing, arkivering, informasjonssikkerheit og integrering med Helsenettet til Norsk Helsenett. Leveransen skal og inkludere ajourhald og brukaropplæring.

Det vert synt til vedlagte kravsspesifikasjonen for nærare spesifikasjon av krava til EPJ-løysinga.

Herøy kommune:
Herøy kommune har 2 legekontor; Herøy legesenter og Myrvåg legesenter med følgjande bemanning:
Myrvåg: 4 fastlegar + 1 LIS1-lege. 3,2 stillingar for hjelpepersonell
Herøy: 6 fastlegar + 1 LIS1-lege. 4,4 stillingar for hjelpepersonell

Legane er privatpraktiserande med driftsavtale med kommunen.

Herøy kommune nyttar i dag Pridok som EPJ.

Sande kommune:
Sande kommune har 1 legekontor; Sande legesenter med følgjande bemanning:

3 fastlegar + 1 LIS1-lege. 2,6 stillingar for hjelpepersonell

2 av legane er privatpraktiserande med driftsavtale med kommunen og 1 er tilsett på ordinære vilkår i Sande kommune.

Sande kommune nyttar i dag Pridok som EPJ.

Volda kommune:
Volda kommune har 2 legekontor. Volda legesenter og Hornindal legekontor med følgande bemanning.
Volda legesenter: 12 fastlegar + 1 LIS1 lege. 9,1 stillingar for hjelpepersonell.
Hornindal legekontor: 3 fastlegar + 1 LIS1 lege. 2 stillingar for hjelpepersonell

Legane er privatpraktiserande med driftsavtale med kommunen.

Volda kommune nyttar i dag Infodoc Sky som EPJ.

1.4 Kontrakt og varigheit

Oppdragsgjevar ønsker å inngå kontrakt med ein leverandør. Kontrakten er ein løpande tenestekontrakt med varigheit på 3 år, med påfølgjande automatisk forlenging 1 år av gangen.

Oppdragsgjevar ønsker å implementere ny EPJ-løysing hausten 2026, med oppstart av implementeringsprosessen snarast etter kontraktsignering. Løysinga skal være i ordinær drift seinast 31.12.2026.

Kontrakten vert regulert av SSA-L Generell avtaletekst med tilhøyrande bilag, og dei tilpassingar som følgjer av konkurransedokumenta. I tillegg til å oppfylle dei vilkår som er regulert i avtalen, forpliktar partane seg til å samarbeide slik at leveransen skal bli så effektiv som mogleg.

1.5 Opsjon

Volda kommune er ikkje bindande deltakar i anskaffinga ved kontraktsinngåing, men skal ha opsjon på å tiltre kontrakten på same kontraktsvilkår innan 3 år frå kontraktsstart.

Leverandøren skal i sitt tilbod tilby prisar og vilkår som også gjeld ved eventuell tilslutning frå Volda kommune.

Tilslutning frå opsjonskommunen utløyser ikkje rett for leverandøren til å krevje endra prisar eller vilkår utover det som følgjer av kontrakten og tilbydde prisar.

Oppdragsgjevar garanterer ikkje at opsjonen vil bli nytta.

1.6 Framdriftsplan

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Kunngjering av konkurransen	30.07.2026
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	25.08.2026 kl. 12:00

Frist for å levere tilbod	**04.09.2026 kl. 12:00**
Evaluering	Veke 36-37. 2026
Val av leverandør og melding til leverandørar	Snarast etter evaluering
Karensperiode	Minst 10 kalenderdagar frå melding om tildeling er sendt
Kontraktsinngåing	Snarast etter utløp av karensperiode
Tilbodet sin vedståingsfrist	60 dagar

Det gjerast oppmerksam på at tidspunkta etter fristen for å leverer tilbod er tentative. Eventuell forlenging av vedståingsfrist kan berre skje med leverandørens samtykke.

1.7 Løns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om at tilsette hjå leverandør og eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylla kontrakten har løns- og arbeidsvilkår i samsvar med krav i forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

2 Alminnelege reglar for gjennomføring av konkurranse

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 nr. 73 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar av 12. august 2016 nr 974 (FOA) del I og III.

Kontraktstildeling vil bli føreteke etter prosedyren open anbodskonkurranse jf. FOA § 13-1 (1). Alle interesserte leverandørar har høve til å levere tilbod.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan annan dialog enn eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar med leverandørane. På denne bakgrunn oppfordrast leverandørane til å levere sitt beste tilbod ved innleveringsfristen.

Oppdragsgjevar forbeheld seg likevel retten til å gjennomføre forhandlingar med leverandørane dersom dette vert vurdert føremålstenleg.

2.2 Kommunikasjon og tilleggsopplysningar

Oppdragsgjevar kan gjere endringar i konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege fram til tilbodsfristens utløp.

Dersom det blir oppdaga feil eller manglar i konkurransegrunnlaget, bed ein det om at dette blir formidla skriftleg til kontaktpersonen hjå oppdragsgjevar elektronisk via KGV'en EU-Supply.

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål og svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga via konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV) EU-Supply. Dersom leverandøren finn at konkurranse-grunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, kan han be om tilleggsopplysningar via KGV'en. For andre spørsmål kan oppdragsgjevar ved kontaktperson kontaktast.

Leverandøren blir oppmoda om å følgje dei rettleiingane som er gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt via KGV'en EU-Supply innan fristen for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget, jf. pkt. 1.6.

Alle spørsmål vil bli besvart i anonymisert form og gjort tilgjengeleg i KGV for leverandørane. Spørsmål og svar er ein del av konkurransegrunnlaget.

2.3 Alternative tilbod

Det er ikkje høve til å levere alternative tilbod.

2.4 Tilbod på deler av oppdraget

Det er ikkje høve til å levere tilbod på delar av oppdraget.

2.5 Kostnader ved utarbeiding av tilbod

Leverandør ber sjølv alle kostnadar relatert til tilbodet og deltaking i konkurransen.

2.6 Offentlegheit og teieplikt

For allmennheita sitt innsyn i dokument knytt til denne anskaffinga, gjeld offentleglova, jf. FOA § 7-3. Oppdragsgjevar pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar, eller drifts- og forretningsforhald som kan vere forretningshemmelegheiter, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4, jf. forvaltningslova § 13.

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort, er tilbod og protokoller som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Leverandørar blir oppmoda om å levere ein sladda versjon av sitt tilbod. Ved eventuelle krav om innsyn vil oppdragsgjevar likevel føreta ei konkret og sjølvstendig vurdering av om innsynskravet kan etterkomast, jf. offentleglova § 29.

Oppdragsgjevar er pålagt å følge prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

2.7 Attest for skatt og meirverdiavgift

I samsvar med FOA § 7-2 skal vald leverandøren levera skatteattest for skatt (skatt, forskotstrekk, utleggstrekk, arbeidsgivaravgift) og meirverdiavgift (Skatteattest – RF 1316). Skatteattesten skal ikkje vera eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levera tilbod. Skatteattest bestillast i Altinn.

Kravet gjeld også evt. underleverandørar ved inngåing av kontraktar i tilknyting til oppdraget som overstig kr. 500 000,- ekskl. mva.

2.8 Krav om bruk av lærlingar

Det vert ikkje stilt krav om bruk av lærling i denne kontrakten grunna kontraktens innhald.

3 Det Europeiske eigenerklæringsskjemaet (ESPD)

3.1 Generelt om ESPD

Som førebels dokumentasjon på oppfylling av konkurransens kvalifikasjonskrav, at det ikkje føreligg avvisingsgrunnar og eventuelt oppfylling av utveljingskriterium, skal leverandørane fylle ut ESPD-skjemaet som er integrert i KGV. Skjemaet leverast saman med tilbodet. Den eller dei leverandørane som vert innstilt til kontraktstildeling, må før kontrakt inngåast dokumentere oppfylling av kvalifikasjonskrava i samsvar med tilhøyrande dokumentasjonskrav.

Det gjerast oppmerksam på at oppdragsgjevar kan på eitkvart tidspunkt gjennom konkurransen be leverandørane om å levere alle eller delar av dokumentasjonsbevisa dersom det er nødvendig for å sikre at konkurransen gjennomførast på korrekt måte.

Sjå www.anskaffelser.no for rettleiing utfylling av ESPD-skjema.

3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar

I tråd med ESPD- skjemaet del III: Avvisingsgrunner, seksjon D: «Andre avvisningsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivningen i oppdragsgiverens medlemsstat» går dei norske avvisingsreglane lengre enn det som følgjer av EU- direktivet. Det gjerast difor oppmerksam på at alle avvisingsgrunnane i FOA § 24-2 gjeld i denne konkurransen, inkludert dei reint nasjonale:

- Andre ledd seier at oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når han er kjend med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt førelegg for straffbare forhald nemnt i FOA § 24-2 (2) bokstav a til f.
- Oppdragsgjevar kan avvise leverandørar for alvorlege feil som kan medføre tvil om leverandørens yrkesmessige integritet, jf. FOA § 24-2 (3) bokstav i.

3.3 Samla stadfesting av kvalifikasjonskrav i ESPD-skjemaet

I denne konkurransen kan leverandørane gi ei samla erklæring om at alle kvalifikasjonskrav er oppfylt. Dette gjerast i ESPD- skjemaets del IV seksjon a.

4 Kvalifiseringskrav

4.1 Om kvalifiseringskrav

Leverandørar må oppfylle kvalifikasjonskrava i dette kapittelet for å kunne få sitt tilbod evaluert. Leverandørar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava, vil bli avvist frå konkurransen, jf. FOA § 24-2 (1).

Alle leverandørane må dokumentere oppfylling av kvalifikasjonskrava i samsvar med dei dokumentasjonskrava som er oppstilt til det enkelte kvalifikasjonskrav. Dersom leverandøren er usikker på om dokumentasjonen er tilstrekkeleg til å oppfylle kvalifikasjonskravet, bør avviket opplysast, og relevant tilleggsinformasjon leggast ved tilbodet

Leverandørane er ansvarleg for å levere all etterspurt dokumentasjon. Manglande dokumentasjon eller mangelfulle opplysningar kan føre til at leverandøren blir avvist, jf. FOA § 24-1.

4.2 Organisatorisk og juridisk stilling

Oppdragsgjevar stiller slike krav:

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon
Leverandøren skal være eit lovleg etablert føretak.	Norske føretak: Firmaattest. Utanlandske føretak: Attest frå føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

4.3 Økonomisk og finansielle kapasitet

Oppdragsgjevar stiller slike krav:

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. Økonomisk og finansiell kapasitet vert vurdert ut i frå omsetning, soliditet og likviditet, sett i forhold til kontraktens verdi. Det vert kravd minimum kredittvurdering «A» i Dun & Bradstreet Risk Guardian Suite.	Opplysningar i leverandørs årsrekneskap for 2025 og 2024. For norske leverandørar innhentar oppdragsgjevar årsrekneskap frå Brønnøysundregisteret eller økonomiske opplysningar frå Proff.no. Dersom leverandørar sitt årsrekneskap ikkje kan innhentast frå Brønnøysund-registeret, skal årsrekneskap leggast ved. Dersom leverandør hevdar at årsrekneskap og økonomiske opplysningar gjev eit feil bilete av leverandør sin økonomiske situasjon, skal dette grunngjevast og dokumenterast. Oppdragsgjevar vil sjølv gjennomføre kredittvurdering gjennom vårt kredittanalyseverktøy - Dun & Bradstreet. Risk Guardian Suite

4.4 Tekniske og faglege kvalifikasjonar

Oppdragsgjevar stiller slike krav:

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon
Leverandøren skal ha eit Implementert og godt kvalitetsleiingssystem	Ei kort skildring av leverandørens system og metodar for kvalitetssikring. Skildringa må være så detaljert at Oppdragsgjevar kan føreta ei sjølvstendig vurdering av om leverandørens kvalitetsleiings-system er tilstrekkeleg til å oppfylle denne kontrakten. Dersom leverandøren er sertifisert i henhold til ISO 9001 eller tilsvarande kvalitetssikringssertifiseringar, er det tilstrekkeleg å legge ved kopi av gyldig sertifikat.
Leverandøren skal ha eit implementert og godt styringssystem for informasjonssikkerheit. Styringssystemet skal	Ei kort skildring av leverandørens system og metodar for informasjonssikkerheit, og korleis dette er systematisert hjå Leverandøren. Skildringa må være så detaljert at Oppdragsgjevar kan føreta ei sjølvstendig vurdering av om leverandørens styringssystem

dekke alle prosesser som inngår i leveransen.	for informasjonssikkerheit er tilstrekkeleg til å oppfylle denne kontrakten. Dersom leverandøren er sertifisert i henhold til ISO 27001 eller tilsvarande standard for informasjonssikkerheit, er det tilstrekkeleg å legge ved kopi av gyldig sertifikat.

4.5 Stønad frå andre verksemder

Ein leverandør kan støtte seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava til økonomisk og finansiell kapasitet, jf. pkt. 4.3 og tekniske og faglege kvalifikasjonar, jf. pkt. 4.4.

Dersom leverandør støttar seg på annan leverandør for å oppfylle eit eller fleire kvalifikasjonskrav, skal leverandøren opplyse om dette i tilbodsbrevet. I tillegg skal leverandøren dokumentere at han råder over dei nødvendige ressursane ved å leggje ved forpliktingserklæring for kvar av verksemdene han støttar seg på i tilbodet.

Dersom leverandør støttar seg på kapasiteten til andre verksemder, skal verksemdene levere separate ESPD- skjema i KGV. Det skal leverast eit skjema per verksemd leverandøren støttar seg på. Dersom fleire leverandørar deltek i konkurransen

4.6 Underleverandørar

Dersom leverandøren planlegg å overlate ein vesentleg del av kontrakten til underleverandørar, skal leverandør stå ansvarleg for desse når det gjeld oppfylling av kontrakten. Kva underleverandørar som skal nyttast skal opplysast i tilbodet. For underleverandørar gjeld same krav til kvalifikasjonar som for leverandør.

Underleverandør skal kunne legge fram dokumentasjon på skatte- og mva attest m.m. på førespurnad frå oppdragsgjevar.

Det er som hovudregel berre akseptert å ha maksimalt to ledd i leverandørkjeda.

5 Tildelingskriterium

5.1 Tildelingskriterier

Kontrakten vert tildelt leverandøren som har levert tilbodet med det beste forholdet mellom kvalitet og pris, jf. FOA § 18-1 (1) bokstav c.

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjon
Kvalitet: Tilbode Løysing sin oppfylling av tekniske og funksjonelle krav med PRI A+ og B stilt i kravsspesifikasjon:	**70 %**	Leverandør si skildring av tilboden Løysing i kravsspesifikasjonsskjema, og utfyllande kommentarar i eventuelt vedlegg.

1. Krav til system, driftskrav og informasjonssikkerheit 2. Innføring, brukar-opplæring og support 4. Funksjonalitet, dialog og integrasjonar 5. Pasientadministrasjon og journal 6. Betaling, fakturering, rapportering, m.m.		
Pris Tilboden samla konkurransesum	**30 %**	Tilbodne prisar i prisskjema, jf. vedlegg 3. Alle prisar skal oppgis i NOK, ekskl. mva.

5.2 Miljø og berekraft

Etter LOA § 5b kan det unnlatast å nytte klima- og miljøkrav som tildelingskriterium, dersom anskaffinga etter sin art har eit uvesentleg klimaavtrykk, og dette vert grunngjeve i anskaffingsdokumenta.

Leveransen gjeld leveranse av ein skybasert – SaaS, EPJ-løysing. Klima- og miljøbelastinga for leveransen vil i hovudsak være knytt til drift av datasenter som driftar SaaS-tenesten. Oppdragsgjevar finn etter ei totalvurdering at leveransen isolert sett har eit uvesentleg klimaavtrykk, og det vert derfor ikkje stilt klima- og miljøkrav som tildelingskriterium i denne anskaffinga.

5.3 Nærare om tildelingskriteriet «Kvalitet»

Leverandør skal skildre si Løysing på dei ulike krava som er stilt i kravsspesifikasjonen.

Krav med PRI A + er minimumskrav som MÅ være oppfylt, og der manglande oppfylling normalt vil medføre at tilbodet må avvisast. Tilbode løysing sine kvalitetar/kvantitet utover minimumskravet, vil bli evaluert under tildelingskriteriet «Kvalitet».

Krav med PRI B er krav som BØR oppfyllast, men der manglande oppfylling ikkje vil medføre avvising. Tilboden løysing vil bli evaluert under tildelingskriteriet «Kvalitet»

A+ og B krav vil bli vekta likt ved evalueringa. Den beste løysinga på kvart A+ og B krav vil bli gitt 10 poeng, og så vil andre løysingar bli poengsett relativt til den beste løysinga i ein poengskala frå 1-10, der 10 er beste score. Manglande svar på B krav, eller ingen kvalitetar/kvantitet utover minstekravet på A+ krav, vil bli gitt 1 poeng. Betre kvalitet, betre løysingar, samt prinsippet «meir er betre», vil bli lagt til grunn ved evalueringa av tildelingskriteriet.

Gjennomsnittleg poengsum på krav med PRI A+ og B vil bli vekta 70 % ved tildelinga.

5.4 Nærare om tildelingskriteriet «Pris»

Leverandør skal fylle ut vedlegg 3. Prisskjema. Rettleiing til utfylling er oppført på prisskjemaet.

Det skal leverast pristilbod på eigen arkfaner til Herøy, Sande og Volda kommune, og tilboden konkurransesum på dei 3 arkfanene (celle F19) vil summert og evaluert som konkurransesum vekta 30 % i tildelingskriteriet «Pris».

Ved samanlikning av tilbod vil Oppdragsgjevar bruke ein forholdsmessig modell: Poengscore = 10 x Pb/Pe, der Pe er den prisen som evaluerast, og Pb er beste (lågaste) pris. Leverandørane vil få ein poengscore på mellom 1 – 10 på tildelingskriteriet, der leverandøren med best pris vil bli gitt 10 poeng.

6 Krav til tilbodet

6.1 Generelt om atterhald og avvik

Avvik skal opplysast presist og eintydig slik at oppdragsgjevar kan evaluere tilbodet utan å ta kontakt med leverandøren. Det skal opplysast i tilbodsskjemaet, og eventuelle vedlegg, om tilbodet inneheld avvik og atterhald.

Avvik skal på ein klar og utvetydig måte referere til relevant vedlegg og punkt i konkurransegrunnlaget. Leverandøren skal tydeleg angje kva konsekvensar eventuelle avvik har for ytinga, prisen og/eller andre forhold ved tilbodet. Avvik som ikkje er prisa, vil bli skjønnsmesseg prisa av oppdragsgjevar i samband med evalueringa av tilbod.

Vidare blir det gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avvisast etter FOA § 24-8 (1) b. Oppdragsgivar kan etter FOA 24-8 (2). avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege. Det understrekast at tilbyder har risikoen for uklarheiter i eige tilbod. Ved å inngi eit tilbod som avviker frå konkurransedokumenta, risikerer dermed leverandøren at tilbodet blir avvist frå konkurransen.

Dersom årsaka til at leverandøren vurderer å ta inn eit avvik i tilbodet er usikkerheit om forståinga av konkurransedokumenta eller liknande, oppmodar oppdragsgjevar om at leverandøren forsøker å avklare dette gjennom spørsmål/svar-funksjonen i KGV i forkant av tilbodsinnleveringa, i staden for å levere eit tilbod med avvik.

Atterhald som ikkje er tilstrekkeleg konkretisert/spesifisert vert vurdert som ikkje inngitt. Det er ikkje mogleg å ta atterhald mot grunnleggande element i konkurransegrunnlaget.

6.2 Levering av tilbod og tilbodsfrist

Tilbod skal leverast elektronisk via konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV) innan utløp av tilbodsfristen. Tilbod levert eller sendt per post eller e-post vil bli avvist.

For seint innkomne tilbod vil verte avvist. Systemet tillèt heller ikkje å sende inn tilbod elektronisk via EU-Supply etter tilbodsfristens utløp. Nettstaden er www.kgvlight.com

Er du ikkje brukar hjå EU-Supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonalitet i verktøyet, t.d. korleis du skal gi tilbod, ta kontakt med EU-Supply Brukarstøtte på tlf.: 23 96 00 10 eller på e-post til: support@eu-supply.com.

Fristen for innlevering av tilbod er **04.09.2026 kl. 12:00**

6.3 Levering av tilbod

Tilbodet skal innehalde eit tilbodsbrev. Tilbodsbrevet skal mellom anna innehalde informasjon om Leverandøren si oppfylling av tekniske og faglege kvalifikasjonar slik dette er kravd spesifisert og dokumentert i pkt. 4.4.

Ettersom anbodsløysinga ikkje har støtte for signering av tilbod med elektronisk sertifikat føreset løysinga at Leverandør skriv ut skjemaet «Tilbodsskjema», signerer dette og legg ved dette som PDF-dokument i tilbodet.

All etterspurt dokumentasjon skal nummererast og scannast og sendast inn i PDF-format. Filene skal nummererast og namnsettast som følgjer:

1. Tilbodsbrev
2. Tilbodsskjema (vedlegg 2)
3. Skatteattest, jf. pkt. 2.7
4. Firmaattest eller attest frå føretaksregister, jf. pkt. 4.2
5. Prisskjema (vedlegg 3)
6. Utfylt og signert Eigenmeldingsskjema løns- og arbeidsvilkår (vedlegg 4)
7. Eventuelt utfylt forpliktingserklæring, jf. pkt. 4.5. (vedlegg 5)
8. ESPD-skjema (Fyllast ut i KGV)
9. Utfyllande svar på krav stilt i kravsspesifikasjon
10. SLA (tenestenivåavtale)
11. Annan tilleggsdokumentasjon

For å lette evaluering, arkivering o.l. av dokumentasjon, bes tilbydarane om å følge nummerering ved disponering av sitt tilbod og namngi filene som vist ovanfor i fet skrift, med nummeret først, og utan bruk av undermapper.

Tilbod som ikkje inneheld alle opplysningar og dokumenter som er etterspurd, eller som ikkje oppfyller krava til utforming av tilbodet som oppdragsgjevar har satt, vil kunne verte avvist. Det vil kunne bli satt ein kort tilleggsfrist for ettersending av manglande/supplerande dokumentasjon.

6.4 Vedståingsfrist

Tilbodet er bindande i 60 dagar, rekna f.o.m. tilbodsfristens utløp.

7 Avslutning av konkurransen og kontraktinngåing

7.1 Tildeling av kontrakt

Oppdragsgjevar si avgjerd om kven som blir tildelt kontrakt, vil gjerast skriftleg og sendast alle leverandørane samstundes gjennom KGV eller via oppdragsgjevar sitt saks/arkivsystem.

Meldinga vil innehalde ei grunngjeving for valet, og angi ei karensperiode på minimum 10 kalenderdagar frå tildelinga er gjort, til kontraktsignering er planlagt gjennomført (kontraktsinngåing).

Dersom oppdragsgjevar finn at tildelinga ikkje er i samsvar med kriteria for val av leverandør kan tildelinga annullerast frem til kontrakt er inngått.

Kontrakt vert rekna som inngått på det tidspunkt kontrakt er signert av begge parter.

7.2 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgjevar forbeheld seg retten til å avlyse konkurransen ved sakleg grunn, jf. FOA § 25-4.

8 Vedlegg

1. Kravspesifikasjonsskjema EPJ
2. Tilbodsskjema
3. Prisskjema
4. Eigenerklæring – Løns og arbeidsvilkår
5. Forpliktingserklæring
6. Kontraktsdokument SSA-L 2026.
7. Bilag til SSA-L
8. Databehandlaravtale
9. Bilag til databehandlaravtale